



STORTINGET

Innst. 335 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
frå familie- og kulturkomiteen

Dokument 8:137 S (2021–2022) og Dokument 8:168 S (2021–2022)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Sylvi Listhaug om valgfrihet for familiene og Representantforslag fra stortingsrepresentantene Olaug Vervik Bollestad, Kjell Ingolf Ropstad og Dag-Inge Ulstein om å skrote den rigide tredelingen av foreldrepermisjonen

Til Stortinget

Bakgrunn

I Dokument 8:137 S (2021–2022) vert følgjande forslag fremja:

- «1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av lover og regelverk slik at det blir opp til det enkelte foreldrepar hvordan de vil fordele foreldrepermisjonen mellom seg.
2. Stortinget ber regjeringen snarest foreta en evaluering av foreldrepermisjonsordningen som trådte i kraft 1. juli 2018. Evalueringen skal primært ta for seg foreldrenes erfaringer, barneperspektivet, pensjonskonsekvenser av at mange mødre tar ut ulønnet permisjon, helsemessige konsekvenser for mor samt erfaringer med amming som følge av endringen i fedre- og mødrekvoten.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaga.

I Dokument 8:168 S (2021–2022) vert følgjande forslag fremja:

- «1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å avvikle tredelingen av foreldrepermisjonen og å gå tilbake til ordningen med 10 uker forbeholdt til hver av foreldrene.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre mulighet for å overføre permisjon til den andre forelderen når man ikke får tatt ut permisjonen.
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å utvide den totale lengden på stønadsperioden for foreldrepenger ved fødsel med 4 uker med 100 pst. dekningsgrad og 5 uker med 80 pst. dekningsgrad.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaga.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Ragnhild Male Hartviksen og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Margrethe Haarr og Åslaug Sem-Jacobsen, frå Framstegspartiet, Silje Hjemdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Kathy Lie, og frå Venstre, leiaren Grunde Almeland, viser til dei to representantforslaga, som begge gjeld endring av dagens ordning for deling av foreldrepermisjonen.

Komiteen viser vidare til at komiteen har valt å behandle forslaga i same innstilling med grunngeving i

at dei gjeld same tema, jf. Stortingets forretningsorden § 31 fjerde ledd.

Komiteen har lagt fram begge forslaga for Barne- og familiedepartementet til uttale, jf. svarbrev til komiteen frå statsråd Kjersti Toppe av 1. april 2022 og 20. april 2022.

Komiteen hadde 7. april 2022 ei open høyring om Dokument 8:137 S (2021–2022), der høyringsinstansane også vart inviterte til å uttale seg om Dokument 8:168 S (2021–2022), som komiteen fekk til behandling etter at høyringa var fastsett.

Komiteen viser til at forslagsstillarane i Dokument 8:137 S (2021–2022) meiner det skal vere opp til det enkelte foreldrepar korleis dei vil fordele foreldrepermisjonen seg imellom, og vil at regjeringa skal føreta ei evaluering av ordninga med foreldrepermisjon som tredde i kraft 1. juli 2018.

Komiteen noterer seg at statsråd Toppe i svarbrevet til komiteen seier at regjeringa vil føre vidare og ei tredeling av foreldrepermisjonen, og at departementet følgjer utviklinga i bruken av foreldrepengeordninga tett.

Komiteen viser til at forslagsstillarane i Dokument 8:168 S (2021–2022) meiner tredelinga av foreldrepermisjonen bør avviklast, og vil ha ei ordning med ti veker til kvar av foreldra. Forslagsstillarane vil dessutan innføre ei moglegheit til å overføre permisjon til den andre forelderen dersom ein ikkje får tatt ut permisjonen. Forslagsstillarane vil også utvide den totale lengda på stønadsperioden for foreldrepengar ved fødsel med fire veker med 100 pst. dekningsgrad og fem veker med 80 pst. dekningsgrad.

Komiteen har merka seg engasjementet for sakene, både på høyringa og i media.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, har over tid hatt et engasjement for å sikre en raus og lang foreldrepengeordning. Å sikre en kvote for hver av foreldrene har vært viktig for å gi barnet rett og mulighet til tid med hver av sine foreldre tidlig. Dette er viktig for å sikre god tilknytning mellom foreldre og barn samt gi barnet en god start på livet. Gjennom et godt velferdstilbud ivaretar man familiepolitiske mål, samtidig som man sikrer likestilling både i familiene og i arbeidslivet. Flertallet mener en tredeling av foreldrepermisjonen slik den er i dag, ivaretar dette best.

Flertallet viser til at Norge har en av verdens beste foreldrepermisjonsordninger. Det har flere ganger opp gjennom årene blitt gjort endringer i innretningen på foreldrepengeordningen som har påvirket foreldres anledning til å ta ut permisjon. De fleste endringene har vært former for utvidelse av ordningen. Allerede ved innføringen av en fedrekvote i foreldrepengeordningen

i 1993 med 4 uker, tok man et første skritt mot å gi fedre en egen del av foreldrepengeperioden. Pappaene skulle slippe å måtte forhandle med både mor og arbeidsgiver om å komme tidlig inn og bygge relasjoner mellom barn og far. Senere ble fedrekvoten utvidet videre. Første reduksjon i kvoten kom da regjeringen utgått av Høyre og Fremskrittspartiet i 2014 foreslo å gå fra 14 til 10 uker reservert for far. Erfaringene og tall fra Nav og SSB viser at da fedrekvoten ble redusert fra 14 til 10 uker tok fedre ut kortere permisjon. Denne tendensen var tydelig, nemlig at far tok ut mindre permisjon. Erfaringene viser at far i all hovedsak kun tar ut den delen han er tildelt, sjelden mer.

Flertallet minner om at da Stortinget i 2018 vedtok en tredeling av foreldrepermisjonen, var det bare Kristelig Folkeparti som stemte imot. I Innst. 340 L (2017–2018) begrunner et flertall i familie- og kulturkomiteen vedtaket med blant annet følgende:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Kristelig Folkeparti, mener det er viktig at barn får god tilknytning til begge foreldre fra de er små, og merker seg at regjeringen med dette følger opp enigheten i Jeløya-plattformen om å innføre en tredeling av foreldrepermisjonen, samt Stortingets anmodningsvedtak fra oktober 2017, hvor regjeringen ble bedt om å øke fedrekvoten i foreldrepermisjonen til 14 uker.»

Flertallet merker seg at vedtaket betydde at man for første gang fikk en ordning hvor man ved uttak av 100 pst. foreldrepenger hadde reservert en kvote på 15 uker til hver av foreldrene. Totalt var denne endringen med på å gi far én uke lengre permisjonstid reservert til seg, sammenlignet med slik ordningen var før 2014. Flertallet viser i tillegg til Innst. 149 L (2021–2022), jf. Prop. 15 L (2021–2022) Endringer i folketrygdloven mv. (styrking av fedrenes rett til foreldrepenger mv.). Endringen innebærer at fedre med opptjent rett til foreldrepenger nå får mulighet til å ta ut 8 uker med foreldrepenger uten at det stilles aktivitetskrav til mor. Flertallet er glad for at fedre med dette får styrket sine rettigheter, og viser blant annet til at Arbeids- og velferdsdirektoratet har anslått at om lag 4 900 fedre årlig vil få nye rettigheter med denne endringen.

Flertallet viser til at permisjonsordningen i tillegg til å være raus også er svært fleksibel. Den enkelte familie kan velge mellom en kortere permisjon med 100 pst. lønn og 59 uker med 80 pst. lønn. Familien kan også velge lønnet permisjon kombinert med deltidsarbeid fram til barnet fyller tre år. Ulønnet permisjon etter det første året er også lovfestet. Tredelingen av permisjonsordningen ivaretar også det at foreldrene selv kan velge fordeling av fellesperioden. I tillegg har mor rett til minimum en times daglig lovfestet ammefri i barnets første leveår.

Flertallet vil videreføre modellen med en tredelt foreldrepengeordning. Det er flertallets klare me-

ning at det fortsatt er behov for tydelige individuelt fastsatte kvoter for hver av foreldrene. Særlig må betydningen av å beholde dagens fedrekvote understrekes. Det er viktig både for forholdet mellom far og barn, for likestillingen og for arbeidslivet.

Samtidig anerkjenner flertallet at det er flere utfordringer som må tas tak i. Funn i den siste Nav-undersøkelsen (Arbeid og velferd nr. 1- 2022) viser blant annet en betydelig vekst i ulønnet permisjon. Årsakene er sammensatte. Det er viktig å se på forbedringer som kan gjøres innenfor rammen av tredelingen, slik at ordningens intensjon ivaretas på en best mulig måte. Flertallet registrerer videre at flere av høringsinstansene som deltok på komiteens muntlige høring 7. april 2022, pekte på at selv om fri fra jobb til å amme eller pumpe er en lovfestet rett, viser erfaringer at dette for noen ikke lar seg gjennomføre av ulike årsaker. Flertallet understreker at arbeidsmiljøloven § 12-8 er tydelig på retten til ammefri. Flertallet forutsetter at partene i arbeidslivet samarbeider og finner gode løsninger for mødre som trenger å amme/pumpe i løpet av arbeidsdagen. Flertallet mener det er viktig at mor sikres reell mulighet til å amme i tråd med helsefaglige råd. Det er dessuten viktig å sikre at mødre ikke får kutt i permisjonstida dersom de føder før termin, og at permisjonen ikke starter på termin dato dersom de føder senere enn termin. Det er likevel flertallets klare syn at man ikke kan løse disse utfordringene med å frata hver av foreldrene deres individuelle rettigheter.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til statsråd Toppes svarbrev til komiteen og at regjeringen i Hurdalsplattformen slår fast en fortsatt tredeling av foreldrepermisjonen og at dagens fedrekvote skal ligge fast. Samtidig skal det sikres at kvinner kan amme i tråd med helsefaglige råd.

Disse medlemmer merker seg at statsråden følger nøye med på utviklingen og blant annet vil se nærmere på mulige årsaker til økningen i ulønnet permisjon. Disse medlemmer viser videre til at statsråden er i gang med å se på hvordan punktet om amming skal følges opp i det videre arbeidet.

Komiteens medlemmer fra Høyre mener at familierpolitikken skal støtte opp om familielivet. Familierpolitikken skal være et verktøy for å legge til rette for trygge familier og gi rom for å ta gode valg for seg og sin familie.

Disse medlemmer vil vise til at regjeringen Solberg gjennomførte en rekke tiltak som har kommet familiene til gode, blant annet økt barnetrygd og engangsstønad til barnefamilier og også utvidet permisjon for de som føder mer enn ett barn. Disse medlemmer vil også vise til at Stortinget har styrket fedres rett

til foreldrepenger og også endret bortfallsregelen, noe som gjør at foreldre ikke mister foreldrepengerrettigheter ved tette barnefødsler, gjennom endringer i folketrygdloven som vil tre i kraft 2. august 2022.

Disse medlemmer vil peke på at den norske foreldrepermisjonsordningen er raus, og den er viktig for å sikre barn en god og trygg start i livet og sørge for at foreldre kan kombinere omsorg for barnet med yrkesaktivitet. I utformingen av foreldrepermisjonen må ulike hensyn veies opp mot hverandre. Det er også et familierpolitisk mål at fedre skal ta ut mer permisjon, og erfaringene viser at fars uttak av permisjon i stor grad har fulgt lengden på permisjonen. Dagens ordning gir familiene fleksibilitet i uttaket av foreldrepermisjon, men spørsmålet er om den gir familiene tilstrekkelig fleksibilitet slik at den tar høyde for mangfoldet i familielivet og de ulike livssituasjonene familiene befinner seg i.

Disse medlemmer viser til undersøkelsen som nylig ble gjennomført av Nav, som viser at det har vært en kraftig vekst i andelen småbarnsforeldre som tar ulønnet permisjon. Navs vurdering er at det er uklart hva denne veksten skyldes. Foreldre som har svart på undersøkelsen, peker på et ønske om å være lenger hjemme med barnet, utfordringer med amming og også dagens fordeling av permisjonstiden. Nav peker likevel på at det også er flere forhold som kan spille inn. Også fedre tar i større grad ut ulønnet permisjon. Det er også slik at det lønner seg økonomisk å ta kortere permisjon med full lønn og deretter ulønnet permisjon, noe Nav informerer foreldre om når de søker om foreldrepenger. Uttak av ulønnet permisjon kan gi uheldige konsekvenser med tanke på rettigheter som arbeidstaker og opparbeidelse av pensjonsgrunnlag. Flere forskere har også pekt på at det ikke er grunnlag for å trekke en slutning om at tredeling av foreldrepermisjonen alene er årsaken til økningen i uttak av ulønnet permisjon. Forskerne påpeker derimot at økningen i mødres ulønnede permisjon har foregått over mange år. Den har sannsynligvis mange og sammensatte årsaker. Disse medlemmer har merket seg at statsråden i sitt svarbrev til komiteen opplyser om at departementet har bedt Arbeids- og velferdsdirektoratet om å gjennomføre en foreldrepengeundersøkelse om blant annet brukernes uttak av ulønnet permisjon og virkninger av tredelingen.

Disse medlemmer vil videre vise til at det under komiteens høring av disse representantforslagene kom frem at det bør sees på hvordan man i større grad kan bidra til at flere arbeidsgivere legger bedre til rette for at mødre kan fortsette å amme etter at de har gått tilbake til jobb. Det er bestemmelser om dette i dagens lovverk, men det er en oppfatning av at dette ikke etterlevs i stor nok grad. Det bør derfor vurderes om det er tiltak som kan gjennomføres som vil medføre at mødres rett til amming i arbeidstiden i større grad blir en reell rettighet.

Disse medlemmer støtter statsrådets vurdering i sitt svarbrev til komiteen, hvor hun beskriver at det i dag er en snever unntaksregel om overføring av permisjon for å sikre at begge foreldre får ta ut sin del, og er enige i at det ikke er ønskelig å åpne for ubegrenset adgang til slik overføring. Disse medlemmer er også enige i at dersom det skal være aktuelt å utvide denne muligheten noe, så må dette utredes grundig, og disse medlemmer mener at dette er en utredning som bør gjennomføres.

Disse medlemmer mener det er ønskelig at man ser på om dagens ordning fungerer etter intensjonen. Statsråden har, som tidligere nevnt, bedt om at det gjennomføres en foreldrepengeundersøkelse. Representantene fra Fremskrittspartiet fremmer i sitt representantforslag et forslag om en evaluering og peker på hva en slik evaluering primært skal ta for seg. Disse medlemmer mener at det kan være ønskelig med en enda bredere evaluering som kan gi et bedre grunnlag for å vurdere om det er behov for å gjøre justeringer i dagens ordning for å sikre økt fleksibilitet for familiene.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en bred evaluering av tredelingen av fødselspermisjonen og konsekvensene denne har for familiene og samfunnet, og komme tilbake til Stortinget med resultatet av evalueringen på egnet måte. Evalueringen bør omfatte en vurdering av om det er grunnlag for å justere reglene for overføring av permisjonstid mellom foreldrene, og også hvordan det kan være mulig å gi familiene økt fleksibilitet ved utbetaling av foreldrepermisjonspenger, slik at man kan ta ut en lavere andel enn 80 prosent, men ha lengre permisjonstid.»

Komiteens medlem fra Fremskrittspartiet mener ordningen med foreldrepermisjon har gitt de fleste barn gode muligheter til å bli godt kjent med sine foreldre og motta god og riktig omsorg i sine første leveår, men likevel er det slik at dagens ordning ikke fungerer like godt for alle familier, og den utgjør en stor innblanding i familiens valgfrihet. Det er ikke staten som føder barn, men kvinner. Derfor er det også foreldrenes oppgave å finne ut av hvordan de ønsker å fordele permisjonen seg imellom. For Fremskrittspartiet er det viktig å gi foreldrene valgfrihet, og det burde være en selvfølge at det enkelte foreldrepar selv bestemmer hvordan de vil fordele foreldrepermisjonen mellom seg. Familiene er dem som er best egnet til å styre egen hverdag, ikke politikere.

Dette medlem er bekymret for utviklingen der man ser at mange kvinner tar ut ulønnet permisjon for å være lenger hjemme med barnet.

Dette medlem mener valgfrihet for familiene er en likestillingssak. Mange familier ønsker at mor er hjemme lenger med barnet, men det forsøker staten å nekte foreldrene gjennom å lage en firkantet lov som gjør at foreldrepermisjonen skal tredeles. Hele foreldrepermisjonen burde være valgfri, det er familiene selv som vet best hvilken ordning som passer inn i deres hverdag.

Dette medlem viser til at dagens tredeling av permisjonen gjør at mange mødre må tilbake på jobb når barna er veldig små. For noen går dette helt fint, mens andre vil være hjemme lenger. Noen trenger mer tid til å komme seg etter fødsel, andre har ikke en arbeidssituasjon som gjør at de kan fortsette å amme etter at de er tilbake i jobb. Fremskrittspartiet mener det er svært uheldig at dagens lovverk ikke tar hensyn til dette. Dette medlem har mottatt en rekke henvendelser om dette fra familier og ulike organisasjoner i hele landet. Engasjementet rundt permisjonsordningen har man også registrert i for eksempel permisjonsopprøret, en Facebook-konto som har over 33 000 medlemmer.

Dette medlem viser til at det i en ny undersøkelse fra Nav fremkommer at det er en sterk økning i uttak av ulønnet foreldrepermisjon. Økningen kommer etter at det ble innført såkalt tredeling. Fremskrittspartiet var imot tredelingen og har flere ganger foreslått at ordningen burde skrotes, og at det bør være opp til barnefamiliene å dele permisjonen slik det passer dem best. Fremskrittspartiet varslet om at en tredeling ville føre til at flere familier opplevde at ordningen ikke lenger passet dem, og at flere ville måtte ta ut ulønnet permisjon. Akkurat det har nå skjedd.

Tall i undersøkelsen viser at nesten halvparten av alle mødre nå tar ut ulønnet permisjon. Det er en kraftig økning etter at tredelingen ble innført. Også andelen menn som tar ut ulønnet permisjon, øker og har faktisk mer enn doblet seg siden 2017.

For en rekke familier er det vanskelig å ta ut en tredjedel til hver av foreldrene. Det kan for eksempel skyldes turnusarbeid, at de er selvstendig næringsdrivende eller andre faktorer. For noen familier kan det også være et verdivalg hvem som skal være hjemme med barnet, og når de skal være hjemme. Slike hensyn blir ikke ivaretatt med den rigide tredelingen.

En naturlig konsekvens av undersøkelsen er at det er behov for å se nærmere på hvordan den nye og lite fleksible tredelingen påvirker familiene. Hensikten var å tvinge flere familier til å dele tiden mer likt mellom seg, men effekten kan nå se ut til å være at en stor andel familier, og ikke minst barna, taper på ordningen.

Dette medlem viser også til Representantforslag 140 S (2021–2022) om løpende opptak til barnehageplasser, jf. Innst. 264 S (2021–2022). Saken viser at mange småbarnsfamilier kommer i en uheldig klemme som følge av manglende barnehageplass når foreldrepermi-

sjonen er ferdig. Mer fleksibilitet i uttaket av permisjonen og et kontinuerlig opptak til barnehager vil hjelpe mange familier.

På bakgrunn av dette og ønsket om å gi familier mer valgfrihet fremmer dette medlem følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av lover og regelverk slik at det blir opp til det enkelte foreldrepar hvordan de vil fordele foreldrepermisjonen mellom seg.»

«Stortinget ber regjeringen snarest foreta en evaluering av foreldrepermisjonsordningen som trådte i kraft 1. juli 2018. Evalueringen skal primært ta for seg foreldrenes erfaringer, barneperspektivet, pensjonskonsekvenser av at mange mødre tar ut ulønnet permisjon, helsemessige konsekvenser for mor samt erfaringer med amming som følge av endringen i fedre- og mødrekvoten.»

Komiteens medlem fra Venstre påpeker at en stor andel foreldre ser seg nødt til å ta ut ulønnet permisjon på grunn av at de ikke får barnehageplass. Det er dette medlems klare mening at det bør innføres en garanti om barnehageplass like etter foreldrepermisjonen, uavhengig av alder. Det vises her til Dokument 8:204 S (2021–2022), et representantforslag om et mer fleksibelt barnehage tilbud, bedre tilpasset familienes behov.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Sosialistisk Venstreparti og Venstre vil påpeke at begrepene «mødrekvote» og «fedrekvote» i folketrykkløven er utdaterte. Det er svært uheldig at lovverket legger opp til en begrepsbruk som ikke gjenspeiler eller anerkjenner mangfoldet av familiesammensetninger i det moderne samfunnet.

Forslag fra mindretal

Forslag fra Høyre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen gjennomføre en bred evaluering av tredelingen av fødselspermisjonen og konsekvensene denne har for familiene og samfunnet, og komme tilbake til Stortinget med resultatet av evalueringen på egnet måte. Evalueringen bør omfatte en vurdering av om det er grunnlag for å justere reglene for

overføring av permisjonstid mellom foreldrene, og også hvordan det kan være mulig å gi familiene økt fleksibilitet ved utbetaling av foreldrepermisjonspenger, slik at man kan ta ut en lavere andel enn 80 prosent, men ha lengre permisjonstid.

Forslag fra Framstegspartiet:

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av lover og regelverk slik at det blir opp til det enkelte foreldrepar hvordan de vil fordele foreldrepermisjonen mellom seg.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen snarest foreta en evaluering av foreldrepermisjonsordningen som trådte i kraft 1. juli 2018. Evalueringen skal primært ta for seg foreldrenes erfaringer, barneperspektivet, pensjonskonsekvenser av at mange mødre tar ut ulønnet permisjon, helsemessige konsekvenser for mor samt erfaringer med amming som følge av endringen i fedre- og mødrekvoten.

Tilråding fra komiteen

Tilråding I fra komiteen vert fremja av medlemmene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre. II vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

Dokument 8:137 S (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Sylvi Listhaug om valgfrihet for familiene – vert ikkje vedteke.

II

Dokument 8:168 S (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Olaug Vervik Bollestad, Kjell Ingolf Ropstad og Dag-Inge Ulstein om å skrote den rigide tredelingen av foreldrepermisjonen – vert ikkje vedteke.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 19. mai 2022

Grunde Almeland

leiar

Åse Kristin Ask Bakke

ordførar



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref
2022/1257 IS/mb

Vår ref
22/903-

Dato
1. april 2022

**Dokument 8:137 S (2021-2022) - Representantforslag fra
stortingsrepresentantene Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Sylvi
Listhaug om valgfrihet for familiene**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen 10. mars 2022 der komiteen ber departementet uttale seg om følgjande representantforslag frå stortingsrepresentantane Hjemdal, Gulati og Listhaug:

- 1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av lover og regelverk slik at det blir opp til det enkelte foreldrepar hvordan de vil fordele foreldrepermisjonen mellom seg.*
- 2. Stortinget ber regjeringen snarest foreta en evaluering av foreldrepermisjonsordningen som trådte i kraft 1. juli 2018. Evalueringen skal primært ta for seg foreldrenes erfaringer, barneperspektivet, pensjonskonsekvenser av at mange mødre tar ut ulønnet permisjon, helsemessige konsekvenser for mor samt erfaringer med amming som følge av endringen i fedre- og mødrekvoten.*

Til punkt 1

Foreldrepengeordninga skal sikre inntekt for foreldre i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon. Den norske ordninga er godt utbygd, og legg til rette for at barnet får ein trygg start på livet gjennom at ein av foreldra kan vere heime med lønna permisjon i barnets fyrste leveår. Etersom foreldrepengeperioden skal delast mellom mor og far, får både mødrer og fedre høve til å kombinere omsorg for barnet med yrkesaktivitet. Slik bygger foreldrepengeordninga også opp under likestillingspolitiske mål.

Kor stor del av perioden som blir øymerka til kvar av foreldra, har variert. Då fedrekvoten vart innført i 1993, var den på fire veker. Seinare blei kvoten auka fleire gongar, og den var på fjorten veker då Solberg-regjeringa tok over i 2013. Året etter blei kvoten redusert til ti veker. Frå 2018 blei kvoten igjen auka til femten veker. Fram til 2019 hadde lengda på kvoten vore like lang uavhengig av om foreldra valde 100 eller 80 prosent dekning. Dermed var ein forholdsvis kortare del av perioden reservert for mødre/fedrekvote viss foreldra valde 80 prosent. Frå 2019 blei perioden òg delt i tre like delar ved 80 prosent uttak av foreldrepenngar.

I regjeringa si politiske plattform, Hurdalsplattforma, slår regjeringa fast at vi vil styrkje det universelle velferdstilbodet til barn og unge for å sikre fridom til alle slags familiar og redusere skilnadene i samfunnet. Ordningane skal bidra til at familiar får dagen til å gå opp, og til at alle skal kunne kombinere arbeid og familieliv. Foreldrepermisjonen skal vere raus og sikre at begge foreldre har sjølvstendig krav på sin del av permisjonen saman med barnet. Vidare står det i regjeringsplattforma at regjeringa vil vidareføre ein tredelt foreldrepermisjon og sikre mor moglegheit til å amme i tråd med helsefaglege råd. Regjeringa vil behalde dagens fedrekvote og styrkje fedrane sine rettar.

Endringane i fedrekvoten har vist at far sitt uttak av foreldrepenngar i stor grad følgjer lengda på fedrekvoten. Statistisk sentralbyrå (SSB) syner i fagartikkelen *Lengst pappaperm blant lærere, men langt fra likedeling* frå 2021 at blant fedrar med barn fødte i perioden 2009 til 2017 låg årleg del som tok akkurat fedrekvoten rundt 50 prosent. Delen fedrar som tok ut meir enn fedrekvoten auka frå 11,5 prosent i 2010 til 15,6 prosent i 2017. Delen fedrar som tok ut mindre enn fedrekvoten auka frå 8,4 prosent i 2009 til 13,7 prosent i 2017. Delen fedrar som ikkje tok ut foreldrepenngar i heile tatt sank frå 32,5 prosent i 2009 til 25,4 prosent i 2017.

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet syner at talet stønadsdagar som far tek ut, auka då fedrekvoten blei utvida frå 10 veker til 12 veker i 2011 og ytterlegare då kvoten blei utvida frå 12 veker til 14 veker i 2014, medan talet stønadsdagar sank då kvoten vart redusert til 10 veker i 2014. Sidan innføring av 15 veker fedrekvote i 2018 har talet stønadsdagar som far tek ut, igjen auka. Blant menn med foreldrepenngar i 2021 var gjennomsnittleg dagar med foreldrepenngar (uavhengig av dekningsgrad) 60 dagar. Til samanlikning var talet 46 dagar i 2014, 42 dagar i 2016 og 48 dagar i 2019. Blant kvinner med foreldrepenngar i løpet av eit år var talet 118 dagar i 2014, 128 dagar i 2016, 114 dagar i 2019 og 112 dagar i 2021.

Arbeids- og velferdsdirektoratet publiserte nyleg artikkelen *Ulønnet og lønnet foreldrepermisjon – mødre og fedres bruk og vurderinger*. Artikkelen stadfestar tendensen med at fedrar tek ut fedrekvoten, medan mødrer tek ut både mødrekvoten og fellesdelen. Artikkelen viser òg at både mødrer og fedrar vel å ta ut lengre ulønna permisjon enn tidlegare. 48 prosent av mødrene og 11 prosent av fedrane svarte at dei tok ulønna permisjon i forlengelse av den betalte foreldrepengeperioden. Av desse tok mødrene i gjennomsnitt 16 veker ulønna permisjon, mens fedrene tok 11 veker. Noko av auken kan ha samanheng med at fleire foreldre tek ut foreldrepenngar med full dekning og deretter ulønna

permisjon, fordi det samla gir høgast utbetaling. Men ikkje heile auken kan forklarast med dette. Foreldra opplyser òg i direktoratet si undersøking at dei ønskjer at barnet skal vere heime lenger og at mor tar ulønna permisjon for å kunne amme barnet. Foreldre som er i ulønna permisjon, mister både nokon arbeidstakarrettigheter, opptening og ansiennitet i perioden dei er i ulønna permisjon. Ulønna permisjon kan difor ha nokon uheldige konsekvensar, spesielt sidan det er stor kjønnsmessig skeivheit i kven som tar ulønna permisjon. Den høgaste delen mødrer med ulønna permisjon arbeida i typiske kvinneyrker og -næringar.

Eg viser til at foreldre har moglegheit til å kombinere arbeid og permisjon gjennom gradert uttak av foreldrepengar. Foreldra kan òg utsette uttaket. For barn fødde 1. oktober 2021 eller seinare, er dei tidlegare vilkåra for utsetting fjerna. Foreldra kan dermed fritt utsette foreldrepengane fram til barnet fyller tre år. Eg vil også vise til Prop.15 L (2021-2022) *Endringar i folketrygdloven mv. (styrking av fedres rett til foreldrepengar mv.)*. Endringa inneber at fedrar med opptening til foreldrepengar får rett til å ta ut foreldrepengar i åtte veker (frå 2024 vil det vere ti veker). Desse fedrane har i prinsippet moglegheit til å ta ut foreldrepengar også i dag, men det fordrar at mor går ut i arbeid, studiar mv. etter fødselen. Etter endringa vil det ikkje bli stilt nokon vilkår til fars uttak av dei åtte vekene. Endringa gir desse fedrane ein auka moglegheit til å ta ut foreldrepengar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har anslått at om lag 4 900 fedrar årleg får nye rettigheter som følgje av endringa.

Denne endringa er i tråd med regjeringas mål om å styrke fedrane sine rettar. I Hurdalsplattforma står det som omtalt tidlegare, at regjeringa vil behalde dagens fedrekvote og den tredelte foreldrepermisjonen. Samstundes vil regjeringa sikre mor moglegheit til å amme i tråd med helsefaglege råd. Dette er noko eg vil sjå nærare på.

Til punkt 2

Departementet har bede Arbeids- og velferdsdirektoratet om å gjennomføre ei foreldrepengeundersøking mellom anna om brukarane sitt uttak av ulønna permisjon og verknadar av tredelinga frå 2018. Arbeids- og velferdsdirektoratet publiserte, som nemnd i punkt 1, nyleg ein artikkel om mødrer og fedrar sin bruk av og vurderingar knytt til lønna og ulønna permisjon. Departementet følgjer utviklinga i bruk av foreldrepengeordninga, mellom anna gjennom statistikken som Arbeids- og velferdsdirektoratet publiserer jamleg. Vidare får departementet informasjon gjennom rapportar frå direktoratet og andre forskings- og utgreiingsinstitusjonar.

Med helsing



Kjersti Toppe



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
22/1220-

Dato
20. april 2022

**Dokument 8:168 S (2021-2022) Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Vervik Bollestad, Ropstad og Ulstein**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen 31. mars 2022 der komiteen ber departementet uttale seg om Dokument 8:168 S (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Kjell Ingolf Ropstad og Dag-Inge Ulstein. Eg er einig med forslagsstillarane i at noko av det viktigaste samfunnet kan gjere, er å investere i familiane og barn frå tidleg alder. Den norske foreldrepengeordninga gir foreldre moglegheit til å vere heime med barnet i barnet sitt første leveår, i 49 veker med 100 prosent dekningsgrad og 59 veker med 80 prosent dekningsgrad. Ordninga sikrar inntekt for foreldra, slik at barnet kan ha ein av foreldrene heime i løna permisjon. Foreldrepengeordninga skal bidra til å gi barnet og familiane ein god og trygg start.

1. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om å avvikle tredelingen av foreldrepermisjonen og å gå tilbake til ordninga med 10 uker forbeholdt til hver av foreldrene.

Gjennom snart 30 år har fedrekvoten vore viktig som eit insentiv for fedre til å ta ut ein del av permisjonen. Når foreldra må dele på permisjonen, får også begge foreldre høve til å kombinere omsorg for små barn med yrkesaktivitet. Arbeidsgivarar som skal tilsetje, veit at både unge kvinner og unge menn kan kome til å ha frávær som følgje av foreldrepermisjon.

Vi veit at far sitt uttak av foreldrepengear i all hovudsak følgjer lengda på fedrekvoten. Etter forslag frå Solberg-regjeringa blei fedrekvoten redusert frå fjorten til ti veker i 2014 med det resultatet at fedre sitt uttak av foreldrepengear blei redusert. Det var også Solberg-regjeringa som føreslo ordninga vi har i dag med 15 vekers mødre /fedrekvote ved full sats. Fedre sitt uttak av foreldrepengear har igjen auka.

Som stortingsrepresentantane viser til, har foreldre, og særleg mødrer, auka sin bruk av ulønna permisjon. Nesten halvparten av mødrene tar no ut ulønna permisjon i gjennomsnitt 16,4 veker. Det dei fleste mødrene opplyste i Arbeids- og velferdsdirektoratet si undersøking referert i *Arbeid og velferd 1/2022* var at dei ønskte meir tid med barnet. Andre svara at mor tok ulønna permisjon for å amme barnet. Samstundes har delen som tek ut foreldrepengar med full sats auka kraftig dei siste 10-15 åra. Forskarane meiner at det kan vere ulike årsaker til auken i bruk av ulønna permisjon etter fødsel, men at noko av årsaka kan vere at foreldre får meir utbetalt om dei vel 100 prosent dekningsgrad og forlenger med ulønna permisjon enn om dei vil 80 prosent dekningsgrad.

I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil vidareføre ein tredelt foreldrepermisjon. I plattformen står det vidare at regjeringa vil sikre mor moglegheit til å amme i tråd med helsefaglege råd. Eg vil vurdere korleis dette punktet kan følgjast opp. Eg meiner det er viktig å legge til rette for at mødre kan amme slik helsemyndigheitene tilrår, dette er også ei viktig folkehelseprioritering.

2. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om å innføre mulighet for å overføre permisjon til den andre forelderen når man ikke får tatt ut permisjonen.

I dag er det slik at mødre- og fedrekvoten som hovudregel ikkje kan overførast til den andre forelderen. Kvoten kan berre overførast viss forelderen som skal ta ut foreldrepengar på grunn av sjukdom eller skade er heilt avhengig av hjelp til å ta seg av barnet eller er innlagt i helseinstitusjon.

Ein snever unntaksregel skal sikre at begge foreldre får ta ut sin del av foreldrepengerperioden. Representantforslaget vil opne for å overføre til den andre forelderen «når man ikke får tatt ut permisjonen». Eit slikt unntak verkar svært omfattande og vil kunne innebære at kvoteordninga blir uthola.

Dersom det skulle vere aktuelt å gi fleire unntak frå kvotene, må dette greiast grundig ut og eventuelle unntak må vurderast nøye..

3. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om å utvide den totale lengden på stønadsperioden for foreldrepenger ved fødsel med 4 uker med 100 pst. dekningsgrad og 5 uker med 80 pst. dekningsgrad.


Norge har ei godt utbygd og raus foreldrepengerordning som gir foreldre moglegheit til å ha permisjon i til saman 49 veker med full dekning eller 59 veker med 80 prosent dekning.

Ei eventuell utviding av foreldrepengerordninga vil gi store meirutgifter for folketrygda. I samband med handsaminga av forslag til statsbudsjett for 2022, blei det stilt spørsmål frå Stortinget om dei økonomiske konsekvensane ved å utvide retten til foreldrepengar med fire veker. Det blei også lagt til grunn at føreslått omlegging innebar å utvide foreldrepengerperioden ved 80 prosent dekningsgrad med 5 veker. Arbeids- og velferdsdirektoratet anslo då meirutgiftene ved dette forslaget til om lag 1,8 milliardar kroner ved heilårsverknad. Det blei lagt til grunn at vekene skulle bli lagt til fellesperioden. Ettersom

majoriteten av mødrene tar ut heile fellesdelen, inneber denne forutsetninga at estimata baserer seg på mødrer sitt uttak og foreldrepengegrunnlag.

Eg viser elles til mitt svar 1. april 2022 på Dokument 8:137 S (2021-2022) frå representantane Hjemdal, Gulati og Listhaug.

Med helsing



Kjersti Toppe

